



Reidar Kallestad
Keilegavlsvegen 15
5953 Fønnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7983 - 22/85058

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
08.11.2022

Varsel om dokumentkontroll av søknad om produksjonstilskot

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket 2022

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2022.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2022-63 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen av **storfe** knytt mot husdyrregisteret der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Det kan vera fleire grunnar til avvik mellom opplysningar i søknaden og våre rapportar frå husdyrregisteret. Me vil difor foreta ein kontroll.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

Dokument som kan godkjennast er utskrift frå husdyrkontrollen, ku-kontrollen eller storfekjøttkontrollen datert 1.mars og 1.oktober. I dokumenta som vert sendt inn må det og komme fram fødselsdato og siste kalvingsdato for melkekyr/ammekyr.

Kontrollen vil omhandla:

- **Melkekyr/ammekyr og øvrige storfe som føretaket disponerte på teljedata 1.mars og 1. oktober som er registrert i husdyrregisteret.**

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Postboks 4 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan tysdag 29 November 2022.

Merk dokumentasjon med gards og bruksnummer og organisasjonsnummer samt namn på føretaket.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Tlf. 56 37 50 00

oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reidar Kallestad
Reidar Kallestad

Keilegavlsvegen 15

5953 Fonnes